

ArkivsakID:	25/14830
Dato:	25.09.2025

Temaplan for skogbruket inkl. hovudplan for skogsvegar 2025-2034

Vedteke av Nord-Fron kommunestyre, sak 64/2025, 25.09.2025



Foto: Ronny Hagen



Innhald

1 Innleiing.....	3
2 Skogbruket i Nord-Fron.....	4
2.1 Arealgrunnlag.....	4
2.2 Treslagsfordeling.....	5
2.3 Markslagsfordeling.....	5
2.4 Hogstklassefordeling.....	6
2.5 Eigedomsforhold.....	6
2.6 Skog og miljø.....	7
2.7 Vernskog.....	7
2.8 Vedtekne verneområde og servituttbelagde område.....	8
3 Status.....	9
3.1 Hogst.....	9
3.2 Skogkultur.....	11
3.3 Skogfond.....	12
3.4 Utmark.....	13
4 Utfordringar og moglegheiter.....	14
5 Handlingsplan for bruk av skog- og utmarksressursane.....	16
5.1 Mål.....	16
5.1.1 Auke det årlege, langsiktige hogstkvantumet.....	16
5.1.2 Auke framtidig ressursoppbygging og karbonbinding i skogen.....	17
5.1.3 Auke bruken av tre i offentlege bygg.....	19
5.1.4 Ivareta kulturminne og miljøverdiar i skog.....	20
5.1.5 Redusere elgbeiteskader på skog.....	22
5.1.6 Berekraftig hausting og bruk av utmarksressursane.....	22
5.2 Tiltaksstrategiar for bruk av skog- og utmarksressursane	23
6 Hovudplan for skogsvegar.....	27
6.1 Bakgrunn.....	27
6.2 Status for skogsbilvegane i kommunen	28
6.3 Flaskehalsar for transport av tømmer på offentlege og private vegar.....	29
7 Handlingsplan for opprusting og vedlikehald av skogsbilvegnettet.....	30
7.1 Mål.....	30
7.1.1 Auke årlege investeringar i skogsbilvegnettet	31
7.1.2 Prioritering av tilskottsmiddel.....	32
7.1.3 Organisering av veglag med godkjente vedtekter i Brønnøysundregistrene.....	33
7.1.4 Ivareta kulturminne og miljøverdiar ved skogsvegbygging.....	34
7.2 Tiltaksstrategiar for opprusting og vedlikehald av skogsbilvegnettet.....	36
7.3 Endra klimatilhøve og auka risiko for naturskadehendingar.....	44

1 Innleiing

Landbruket er ei viktig næring i Nord-Fron, og ein av grunnpilarane for busetting, sysselsetting og verdiskaping. Skogbruket er ein viktig del av ressursgrunnlaget for landbruket i kommunen.

Gjeldande arealdel av kommuneplanen blei vedteke av kommunestyret 19.06.2018, medan gjeldande temaplan for skogbruket 2020-2029 blei vedteke av kommunestyret 03.11.2020. Ny temaplan for skogbruket 2025-2034 er omarbeidd slik at denne no også inneheld hovudplan for skogsvegar.

Temaplanen er ein strategisk plan for skogbruket i Nord-Fron. Skogbruket inngår naturleg i dei overordna kommuneplanane, men temaplanen for skogbruk går djupare inn i dei næringsspesifikke utfordringane og målsettingane. Planen er ikkje juridisk bindande, men legg føringar for andre planar som blir utarbeidd, der skogbruket som næring eller skogbruket sine areal blir berørt.

Temaplanen for skogbruket skal vise det lokale handlingsrommet som fins, medverke til å sikre at ressursgrunnlaget for skogbruket blir teke vare på, og at forvaltninga av skogressursane skjer i samsvar med dei retningslinene som blir lagt til grunn for skogpolitikken. Ein stor del av rammevilkåra for skogbruket er fastsett gjennom sentrale føringar.

Meld. St. 6 (2016-2017) *Verdier i vekst - konkurransedyktig skog- og trenæring* trekker opp regjeringas politikk for skog- og trenæringa i åra framover. Viktige satsingsområde er utbetring av det private og offentlege vegnettet, føre ein næringsvenleg skattepolitikk og bidra med kapital til vidareutvikling og nyinvesteringar i skog- og trenæringa.

Tiltaksplan for skog- og tresektoren i Innlandet 2022-2025, forankra i Bioøkonomistrategi for Innlandet 2017-2024, set fokus på følgjande tre sentrale satsingsområde - 1) Berekraft og produksjon i skogen, 2) Verdiskaping og klimanytte og 3) Kunnskapsløft for berekraftig skog- og trebruk. Planen har som mål å auke sysselsettinga og verdiskapinga i skogbruket, samt auke foredlinga av skogen sine produkt. Eit anna fokusområde i planen er utbetring av flaskehalsar på private og offentlege vegar der det går føre tømmertransport av vesentleg volum.

Utviklingsplan for landbruket i Midt-Gudbrandsdal 2019-2022 har som mål at Midt-Gudbrandsdalen skal ha eit offensivt landbruk der primærlandbruket utgjer grunnlaget. Ein vil vidareutvikle

landbruksnæringa, utvikle lokale ressursar og byggje alliansar for å oppretthalde busetting, sysselsetting, produksjon og rekruttering.

2 Skogbruket i Nord-Fron

2.1 Arealgrunnlag

Nord-Fron kommune har eit totalt areal på 1.141 km². Skogressursane er vesentlege, sjølv om mykje av skogen er høgareliggjande skog og vernskog. Av kommunen sitt totale areal er om lag ½ skogkledd og om lag ¼ produktiv skog.

Tabell 1 syner det totale arealet i Nord-Fron, delt på landareal og ferskvatn.

Arealkategori	Areal (dekar)
Land	1 093 941
Ferskvatn	47 392
Totalt areal	1 141 333

Tabell 1. Totalt areal i Nord-Fron, delt på landareal og ferskvatn. Kjelde: Arealressurskart AR5, årsversjon 2023, NIBIO.


Tabell 2 syner det arealet som er kartlagt i Nord-Fron jf. arealressurskart - AR5. AR5 er eit nasjonalt kart som syner arealressursane ut frå produksjonsgrunnlaget for jord- og skogbruk. Kartlagt areal utgjør 84% av kommunen sitt totale landareal.

Arealklassar	Areal (dekar)
Jordbruksareal inkl. alle arealklassar	45 997
Produktiv skog	250 027
Uproduktiv skog	264 417
Anna utmarksareal inkl. alle arealklassar og ferskvatn	393 459
Bebygd areal og samferdsel	9 423
Ikkje kartlagt	178 010
Totalt areal	1 141 333

Tabell 2. Areal delt på arealklassar. Kjelde: Arealressurskart AR5, årsversjon 2023, NIBIO.

2.2 Treslagsfordeling

Figur 1 syner treslagsfordelinga på det produktive skogarealet etter kubikkmasse. Fordelinga er furu 49%, gran 43% og lauv 8%.




Figur 1. Treslagsfordeling i prosent på produktivt skogareal etter kubikkmasse.

Kjelde: Områdetakst for Nord-Fron kommune 2010-2012, Glommen Mjøsen Skog.

2.3 Markslagsfordeling

Figur 2 syner markslagsfordelinga (bonitet) på det produktive skogarealet. Låg bonitet utgjør 50%, middels bonitet 41% og høg bonitet 9%. Bonitet er eit uttrykk for areala sin emne til å produsere trevirke. Til produktiv skog reknast areal kor produksjonsemna minst er 0,1 m³ per dekar og år.




Figur 2. Markslagsfordeling (bonitet) i prosent på produktivt skogareal.

Kjelde: Områdetakst for Nord-Fron kommune 2010-2012, Glommen Mjøsen Skog.

2.4 Hogstklassefordeling

Hogstklassefordelinga i figur 3 syner at det er overvekt med gammal skog i kommunen, kor hogstklasse 4 og 5 utgjær til saman 80%.



Figur 3. Hogstklassefordeling i prosent. Kjelde: Områdetakst for Nord-Fron kommune 2010-2012, Glommen Mjøsen Skog.

2.5 Egedomsforhold

Tabell 3 syner det produktive skogarealet delt på tal skogeigedomar. Det er 516 skogeigedomar i kommunen, når ein reknar med eigedomar med minimum 25 dekar produktiv skog. Heile 67% av desse skogeigedomane har areal mindre enn 250 dekar, og berre 10% har areal større enn 1000 dekar.

Etter storleiksgruppe (dekar)	Tal skogeigedomar
25-99	190
100-249	156
250-499	64
500-999	53
1000-1999	31
2000-4999	18
> 5000	4
	Sum tal eigedomar 516

Tabell 3. Egedomar i Nord-Fron med minimum 25 dekar produktivt skogareal, delt etter storleiksgrupper.

Kjelde: Statistisk Sentralbyrå.

Når det gjeld det produktive skogarealet er 85% eigd av private skogeigarar, medan resterande 15% i hovudsak er eigd av staten, allmenningane og kommunen. Kvar skogeigar har i gjennomsnitt 400 dekar produktiv skog, og ein årleg tilvekst på 80 m³.

2.6 Skog og miljø

Tømmerproduksjon er berre ein av mange funksjonar som skogen har. Skog er levestad for planter og dyr, og menneske nyttar mellom anna skogen til rekreasjon, jakt, friluftsliv og hausting av ber og sopp. Omsynet til miljøverdiar i skogen skal alltid vege tungt ved skogbrukstiltak, og vern av det biologiske mangfaldet og ivaretaking av omsynet til friluftsliv, landskap og kulturminne er sentrale element. Sikring av verneverdige verdiar bør så langt råd er skje i samband med skogskjøtsel, og i forståing med grunneigarane.

Sidan 1998 har det vore ei eiga skogsertifisering for å dokumentere berekraftig forvaltning av skogen i landet. For å omsette tømmer må skogeigarane og omsetningsledda halde seg til ei skogsertifisering. Norsk PEFC Skogstandard er den mest brukte sertifiseringsordninga. Standarden reviderast kvart 5 år, og etter siste revisjon inneheld standarden 30 kravpunkt som omfattar forvaltaransvar, planlegging, hogst, skogbrukstiltak og særskilte miljøverdiar.

2.7 Vernskog

Skogbrukslova gjev heimel for at skog skal vere vernskog når skogen tener som vern for annan skog eller gjev vern mot naturskadar. Det same gjeld for område opp mot fjellet der skogen er sårbar og kan bli øydelagt ved feil skogbehandling.

Vernskoggrensa i Nord-Fron følgjer i all hovudsak høgdekote 800 m.o.h., med unntak av Kvam bakside der vernskoggrensa er 600 m.o.h. og Kvamsfjellet der vernskoggrensa for det meste følgjer høgdekote 700 m.o.h. Det er om lag 110 km² produktiv skog som er klassifisert som vernskog i Nord-Fron, og dette utgjer 44% av det produktive skogarealet. All hogst i vernskog unnateke hogst av ved til eige bruk skal førehandsgodkjennast av kommunen. Vernskogen utgjer store areal i Nord-Fron, og i sum er hogst i desse områda av vesentleg økonomisk betydning for skogeigarane. Samstundes har ein viktige vilt- og friluftsområde i vernskogen, og dette stiller ekstra krav til god skogskjøtsel.

2.8 Vedtekne verneområde og servituttbelagde område

Tabell 4 gir ein oversikt over vedtekne verneområde og servituttbelagde område i kommunen. Det er ikkje tillete med hogst i kategoriane *nasjonalpark* og *naturreservat*. Når det gjeld kategorien *landskapsvernområde* er dette område kor hogst er tillete basert på førehandsgodkjenning av tiltaket jf. vernskogforvaltning.

Verneområde	Dekar
Nasjonalpark	
Langsua nasjonalpark	522
Rondane nasjonalpark	102 091
Naturreservat	
Flakktjørna naturreservat	2 963
Hersjømyrin naturreservat	44 242
Hånåhoppet naturreservat	1 490
Kjøremslia naturreservat	1 167
Liadalane naturreservat	888
Murulonin naturreservat	3 442
Skåbudalen naturreservat	1 438
Stordalsberget naturreservat	425
Sula naturreservat	696
Vinstradalen naturreservat	4 852
Landskapsvernområde	
Espedalen landskapsvernområde	34 043
Frydalen landskapsvernområde	20 881
Sum vedtekne verneområde	219 140
Vernskog	
Vernskog (i produktiv skog)	110 000
Vernskog på anna skogvakse mark	250 000
Sum vernskog	360 000
Sum vedtekne verneområde og vernskog	579 140

Tabell 4. Vedtekne verneområde og servituttbelagde område i Nord-Fron. Kjelde: Arealressurskart AR5 NIBIO, Nord-Fron kommune og Artsdatabanken.

Utover vedtekne verneområde, går det føre eit langsiktig arbeid med ytterlegare barskogvern i Nord-Fron i regi av Statsforvaltaren i Innlandet. Prosessen legg opp til at alt vern skal skje i form av frivillig vern, dvs. at skogeigarane tilbyr aktuelle verneareal til Staten. Dei mest aktuelle områda for vidare skogvern er bekkekløftene Hatta og Lomma som både er knytt til Vinstradalen naturreservat, samt nokre mindre område klassifisert som kalkskog.

3 Status

3.1 Hogst


Nord-Fron har betydelege skogressursar, og skogbruket utgjer ein vesentleg del av verdiskapinga og sysselsettinga i landbruket i kommunen. Det er likevel slik at potensialet for hogst ikkje blir fullt utnytta over tid, dvs. at den årlege tilveksten i skogen er større enn den årlege hogsten.

Dei største hindringane for auka aktivitet i skogbruket skuldast lokale føresetnader.

Eigedomsstrukturen består av mange og små skogteigar. Den enkelte skogteigar har ofte fleire skogteigar som ligg spreidd over eit større område, og skogteigane er i tillegg lange og smale. Ein har dessutan mykje bratt terreng med vanskelege driftsforhold, og om lag 44% av det produktive skogarealet er vernskog. I sum gjer nemnte faktorar sitt til at ein ikkje oppnår ei optimal og rasjonell utnytting av skogressursane.

Dritsstrukturen har endra seg vesentleg dei siste ti-åra. Gardsskogbruket var tidlegare meir kjenneteikna av gardbrukaren si vintersysseletting i skogen, kor ein hogde eit jamt kvantum kvart år. I dag står skogsmaskinane for tilnærma all hogst, og den gjennomsnittlege tømmerdrifta har blitt større. Skogeigarane har tømmerdrifter kvart femte til tiande år i staden for kvart år. Endra driftsstruktur har og ført til at konjunktursvingingane og tømmerprisen har større verknad på årleg hogstkvantum.

Figur 4 syner gjennomsnittleg hogstkvantum i Nord-Fron i fem-års periodar frå 1955 til 2024. Ein ser av figuren at hogstkvantumet i kommunen har vore på eit historisk høgt nivå dei siste femten åra, med unntak av fem-års perioden 1985-1989 kor stormfellinga i 1987 bidrog til stort kvantum i denne perioden. Det er eit betydeleg potensiale for å auke det årlege hogstkvantumet jf. tabell 5.



Figur 4. Gjennomsnittleg hogstkvantum i m³ i fem-års periodar frå 1955 til 2024.

Kjelde: Nord-Fron kommune, Statsforvaltaren i Innlandet og Landbruksdirektoratet, ØKS.

Glommen Mjøsen Skog berekna i sluttrapporten for områdetaksten i Nord-Fron 2010-2012 eit langsiktig, årleg hogstkvantum for kommunen jf. tabell 5. Det er teke omsyn til at topp, avfall og miljøomsyn reduserer det nyttbare hogstkvantumet vesentleg, og det er gjort fråtrekk for dette med 15%. Det langsiktige, årlege hogstkvantumet er ved nemnte føresetnader berekna til om lag 35.000 m³. I tillegg kjem eventuelt kvantum frå tynning i yngre skog. Ein ser at det er potensiale for å auke det langsiktige årlege hogstkvantumet i kommunen med om lag 9.000 m³, tilsvarande om lag 35%.

Tabell 5 samanliknar gjennomsnittleg årleg hogstkvantum og langsiktig årleg hogstkvantum for perioden 2014-2024.

Periode, år	Gjennomsnittleg årleg hogstkvantum	Langsiktig årleg hogstkvantum
2014-2024	26.000 m ³	35.000 m ³


Tabell 5. Gjennomsnittleg årleg hogstkvantum og langsiktig årleg hogstkvantum for perioden 2014-2024.

Tømmer/ved som nyttast til eige bruk er ikkje inkl. Kjelde: Områdetakst for Nord-Fron kommune 2010-2012, Glommen Mjøsen Skog og Landbruksdirektoratet, ØKS.

Tømmerprisen levert til industri blir påverka av fleire faktorar. Sagtømmerprisen er sterkt avhengig av

byggeaktiviteten, medan massevirkeprisen i større grad blir påverka av den internasjonale papirmarknaden.

Figur 5 syner gjennomsnittleg, årleg tømmerpris per m³ (sagtømmer og massevirke) levert til industri i perioden 1998-2024.



Figur 5. Gjennomsnittleg, årleg tømmerpris per m³ (sagtømmer og massevirke) levert til industri i perioden 1998-2024. Kjelde: Landbruksdirektoratet, ØKS.

3.2 Skogkultur

Hogst blir i all hovudsak følgt opp med markberedning og/eller planting, medan ungskogpleie og tynning i større grad blir prega av kampanjar og pådrivarar. Ein ser spesielt at ungskogpleie i for stor grad blir forsømt av skogeigarane utan aktiv påverknad.

Nord-Fron har om lag 50/50-fordeling mellom gran og furu. Hogst i furuskog skjer i all hovudsak som frøtrestillingshogst, dvs. at ein set att tilstrekkeleg med frøtre på hogstflata for naturleg etablering av ny skog. For å sikre rask og effektiv etablering av ny furuskog blir det utført markberedning.

Når det gjeld hogst i granskog skjer dette i all hovudsak som flatehogst. Det blir deretter utført

planting, ofte i kombinasjon med markberedning, for å sikre etablering av ny granskog. Omfanget av areal som blir omdisponert til beite eller til andre føremål som bustad- eller hyttefelt vil påverke tal planter som blir sett ned etter hogst.

Tabell 6 syner gjennomsnittlege, årlege tal for planting, markberedning og ungskogpleie for perioden 2020-2024.

Tiltak	Gjennomsnittlege, årlege tal for 5-års perioden 2020-2024
Planting	162.000 planter
Markberedning	590 dekar
Ungskogpleie	209 dekar

Tabell 6. Gjennomsnittlege, årlege tal for planting, markberedning og ungskogpleie for 5-års perioden 2020-2024. Kjelde: Landbruksdirektoratet, ØKS.

3.3 Skogfond

Skogeigar pliktar å sette av skogfond til framtidige investeringar i skogen. Avsetninga er valfri mellom 4-40% av brutto tømmerverdi. Skogfond er bunde til skogeigedomen. Viktigaste bruksområde er investeringar i skogkultur og skogsvegar m.m. Ordninga er gunstig for skogeigar, sidan avsetting av skogfond ikkje inntektsførast før skogfondet blir brukt. Ved bruk inntektsførast berre 15% av brukte middel. Ordninga har same effekt som eit tilskott ved at det gir ein skattefordel på 85% for skogeigar.

Årleg avsetning av skogfond vil avhenge av hogstaktivitet og skogeigaren sitt val av skogfondsats. Etter gjeldande skogbrukslov skal forynging vere sikra tre år etter hogst. Det er derfor rimeleg at inneståande skogfond utgjør tre til fem-års forbruk. Tabell 7 syner oversikt over inneståande skogfond og inn- og utbetalingar av skogfond i 2024 (i kroner).

Inneståande skogfond 01.01.2024	Inneståande skogfond 31.12.2024	Inngåande skogfond i 2024	Inngåande tilskott i 2024	Utbetalt skogfond i 2024
8 362 690	9 151 862	2 693 252	940 619	2 844 699


Tabell 7. Inneståande skogfond og inn- og utbetalingar av skogfond i 2024 (i kroner). Kjelde: Landbruksdirektoratet, ØKS.

3.4 Utmark

Nord-Fron har store utmarksareal, og ein har lange tradisjonar for å nytte utmarksressursane i kommunen gjennom husdyrbeiting, jakt, fiske og fangst. Kommunen har og ei stor og viktig turistnæring, og felles for dei fleste turistbedriftene er at dei tilbyr ulike former for naturopplevingar. For friluftslivet og som rekreasjonskilde representerer utmarka store verdiar som ikkje kan målast i økonomisk verdi. Utmarksareala er i hovudsak lett tilgjengelege gjennom eit godt utbygd vegnett, og det er korte avstandar ut i marka med både merka og umerka stiar, preparerte skiløyper og andre tilbod.

Jaktrettshavarane er tillagt mykje ansvar og myndigheit innan viltforvaltninga. Ein har i dag svært god organisering på jaktrettshavnivå når det gjeld elg og hjort gjennom to bestandsplanområde som dekker heile kommunen – bestandsplanområda Fron Vest og Nord-Fron Austside.


Når det gjeld avskytinga av elg syner fellingsstatistikken at elgbestanden truleg er noko redusert dei siste åra, frå eit historisk høgt nivå. Figur 6 syner elgavskytinga i kommunen i perioden 1977-2024.



Figur 6. Elgavskyting i Nord-Fron i perioden 1977-2024. Kjelde: Nord-Fron kommune.

Hjorteviltet utgjer den største verdien av jakta for jaktrettshavarane. Til dømes utgjer kjøttverdien frå elgjakta om lag 3,5 mill. kroner per år. Store utmarksareal gir også gode moglegheiter for jakt på småvilt, og stort sal av jaktkort syner at det er mange jegerar med interesse for småviltjakt. Rupejakta er mest populær.

Når det gjeld avskytinga av hjort syner fellingsstatistikken at hjortebestanden har vore i vekst frå 1990-talet og fram til i dag. Figur 7 syner hjorteavskytinga i kommunen i perioden 1983-2024.



Figur 7. Hjorteavskyting i Nord-Fron i perioden 1983-2024. Kjelde: Nord-Fron kommune.

4 utfordringar og moglegheiter

Skogbruk er produksjon og hausting av ein fornybar ressurs. Det gir grunnlag for inntekt til skogeigar, verdiskaping, sysselsetting, karbonbinding og produksjon av ein rekke produkt vi er avhengig av og som kan erstatte bruk av fossile og energikrevjande material. Skjøtsel og stell av skogen er ofte svært langsiktige investeringar for skogeigar, og ei ansvarleg og langsiktig forvaltning inneber ei avveging mellom mange ulike omsyn.

Skogbruket er i stor grad prispjevne ein internasjonal marknad for omsetning av tømmer. Ein har vidare nasjonale overordna utfordringar som ikkje kan løysast lokalt i Nord-Fron og Gudbrandsdalen, og som vår region i liten grad kan påverke. I det vidare blir det derfor sett på utfordringar og moglegheiter som kan påverkast lokalt.

Når det gjeld omsetning av tømmer blir alt sagtømmer av gran frå Nord-Fron levert til G3 Fåvang Sag på Fåvang. Sagtømmer av furu frå Nord-Fron blir levert til Koppang (Østerdalsbruket), samt noko til Løten og Våler. I tillegg eit mindre volum til Langmorkje Alm. og Skjåk Alm. Massevirke av gran (fersk) blir levert til Norske Skog i Skogn, medan alt anna massevirke blir levert til Stora Enso i Sverige. All

transport av massevirke går med tog frå tømmerterminalen på Kvam. Terminalen er avgjerande viktig for å sikre avsetning av massevirke frå Nord-Fron og Nord-Gudbrandsdalen.

I eit klimaperspektiv bør fornybare ressursar nyttast på ein miljøvenleg måte. Skog er ein slik ressurs, der aktiviteten i Nord-Fron og Gudbrandsdalen kan aukast. For samfunnet er det viktig at skogeigarane forstår betydninga av at skogen blir drive aktivt, og at det er viktig for framtida at det blir investert i kvalitetsskog. Ein bør leggje vekt på å hindre at verdifull skogsmark går tapt gjennom omdisponering til andre føremål.

Tiltak i skogbruket må leggje vekt på å få fram ein veksterleg skog som er i stand til å stå i mot stadig raskare økologiske endringar. Nord-Fron har mykje høgareliggjande skog som set heilt andre krav til skogskjøtselen enn lågareliggjande skog. Retningslinene for skogbruk i vernskog må følgjast opp.

Hogstklassefordelinga syner at Nord-Fron har mykje gammal skog jf. figur 3. Denne utviklinga vil vedvare og bli forsterka så lenge årleg hogst er mindre enn årleg tilvekst. Delar av skogarealet i kommunen har over lengre tid hatt store problem med å få opp ny furuskog pga. høgt beitetrykk frå trekelg i vinterbeitområda.

Hogstkvantumet i Nord-Fron i 2024 utgjorde 27.092 m³, til ein bruttoverdi av 16,4 mill. kroner for skogeigarane. For kvar krone skogeigarane mottek i oppgjer for sal av tømmer, skjer det ei vidareforedling og verdiskaping fram til sluttkunde på 10-12 kroner (Kjelde: Landbruksdirektoratet). Det ligg såleis eit årleg verdiskapingspotensial i tømmeret som er levert frå Nord-Fron på 164-197 mill. kroner.

I Nord-Fron er vilt og fiske viktige ressursar, og kjelder til friluftsliv, rekreasjon og turistnæring. Tilgang til jakt og fiske er eit stort gode for mange av innbyggjarane i kommunen, og er ein vesentleg faktor for trivsel og busetting. Det er ønskjeleg å forvalte desse ressursane på ein slik måte at dei gir eit høgt og stabilt grunnlag for hausting, og optimal forvaltning krev forståing og samarbeid over fleire sektorar. Det er ei utfordring å behalde dei verdifulle utmarksareala og samstundes legge til rette for hytte- og turistutvikling.

5 Handlingsplan for bruk av skog- og utmarksressursane

5.1 Mål

Skogen er ein viktig fornybar ressurs som ikkje blir nytta fullt ut i Nord-Fron. Aktiv bruk av skogen er viktig for miljøet og skapar næringsutvikling og sysselsetting. Skogen som råstoff er viktig for fleire lokale vidareforedlingsbedrifter i Gudbrandsdalen. I målet om å bruke skogressursane aktivt ligg det også ei målsetting om å auke den årlege hogsten.

Skogbruk er ei langsiktig næring. Medan andre næringar investerar og planlegg for ein tidshorisont på fem år, opererer skogbruket med ein tidshorisont på hundre år. Det er meir enn 500 skogeigarar i kommunen, og den gjennomsnittlege skogeigedomen er om lag 400 dekar. Det er utvilsamt ei utfordring i forhold til auka aktivitet at skogbruket for dei fleste skogeigarane er ei binæring som har relativt liten økonomisk betydning. Det er likevel slik at skognæringa samla har stor samfunnsøkonomisk betydning.

Sjølv om det meste av rammevilkåra for skogbruket blir fastsett sentralt, er det eit lokalt handlingsrom. Frå og med 2020 har kommunane fått ansvar for forvaltning av alle tilskottsordningane som går inn under *Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket*. Tilskott i skogbruket skal stimulere til auka verdiskaping, berekraftig utnytting av skogressursane og ivaretaking og utvikling av miljøverdier i skog.

Tilskottsordningane kan omfatte tilskott til skogkulturarbeid, bygging av skogsvegar, miljøtiltak i skog, driftstilskott til drift med taubane og hest, utdrift av virke til bioenergi og tilskott til tiltak og prosjekt som bidreg til å utvikle skogbruket i ein kommune eller region, når tiltaket eller prosjektet ikkje blir omfatta av andre etablerte tilskottsordningar i landbruket. Tilskottsordningane utgjer ein viktig del av finansieringa av tiltaka som skal til for å kunne drive eit forsvarleg skogbruk innan forsvarlege økonomiske rammer.

5.1.1 Auke det årlege, langsiktige hogstkvantumet

Mål: Auke det årlege, langsiktige hogstkvantumet inkl. tynning til 35.000 m³.

Dersom ein skal nå måla om auka aktivitet i skogbruket må skogeigarane kjenne seg tente med eit høgare nivå enn i dag både når det gjeld hogst og skogkultur. Ved auka hogstkvantum aukar og arealet som skal foryngast og behovet for samla aktivitet i skogen. Det er i så måte viktig å syte for at flest mogleg av skogeigarane driv egedomen aktivt. Viktige faktorar kan i så måte vere tømmerpris, fagleg interesse blant skogeigarane og offentleg verkemiddelbruk.

I Nord-Fron er det potensiale for å auke årleg hogstkvantum med snautt 10.000 m³. Ein del av dette kvantumet vil måtte takast ut i bratt/vanskeleg terreng med taubane, noko som under dagens forhold berre er økonomisk mogleg med eit betydeleg driftstilskott. Det er derfor viktig å oppretthalde driftstilskottet på eit slikt nivå at ein sikrar grunnlaget for drift i taubaneterreng. Ved søknad om driftstilskott til taubanedrifter i bratt terreng skal kommunen sette krav om profesjonell vurdering av skredfare før tilskottssøknad kan godkjennast.

Tynningsdrifter har over ein lengre periode vore eit forsømt tiltak i vår region. Årsaka til dette er i hovudsak mangel på tilgang til tynningsentreprenør med maskinelt utstyr. Stadig betre tømmerprisar gjer tynning no meir interessant for skogeigaren. Spesielt yngre furubestand må tynnast for å oppnå ein tilfredstillande dimensjonsutvikling. Stimulering og påverknad til tynning i aktuelle bestand er derfor viktig.

5.1.2 Auke framtidig ressursoppbygging og karbonbinding i skogen

Mål: Produksjon av kvalitetsvirke gjennom kvalitetsfremmande tiltak som avstandsregulering, ungsogpleie, stammekvisting og tynning. Oppretthalde og auke aktiviteten når det gjeld planting og markberedning. Auke årleg areal med ungsogpleie til minst 500 dekar.

Kvalitetsproduksjon er avgjerande for skogsektoren si konkurranseemne. Dette bør avspegle seg i alle ledd i skogskjøtselen, frå etablering av skog til slutthogst. For å nå målsettingane om kvalitetsproduksjon er det avgjerande at skogen blir skjøtta på ein god måte, og kvalitetsfremmande tiltak som avstandsregulering, ungsogpleie, stammekvisting og tynning bør prioriterast. Det er vidare avgjerande viktig at dei kvalitetsfremmande tiltaka blir utført på rett tid i treets omløp.

Det er slik at skogeigarane i kommunen i all hovudsak utfører markberedning og/eller planting etter

hogst, men at oppfølging ved planteavgang og ungskogpleie i større grad blir nedprioritert. Stor planteavgang medfører at ungskogen vert glisnare med lågare produksjon og dårlegere kvalitet. Tettare ungskog aukar framtidsproduksjonen både i volum og kvalitet, og fører til at skogen bind meir CO². Det kan vere fleire årsakar til at det ikkje blir utført nok skogkulturarbeid, men ein vesentleg årsak er manglande kunnskap om tilstanden i eigen skog.

Gode tilskottsordningar er viktige verkemiddel i skogkulturarbeidet. Skogen som blir hogd i høgareliggande område har som regel ei relativt låg kubikkmasse per dekar, noko som medfører eit større areal å utføre kulturarbeid på og såleis auka kostnadar til skogkultur enn det som er vanleg i meir sentrale skogstrøk. Dette saman med ein lågare rotnetto, og herav dårlegere økonomisk resultat av tømmerdriftene, gjer at det er eit større behov for tilskott til viktige skogkulturtiltak i desse områda. Dette gjeld alle typar skogkulturtiltak innan foryngelse og ungskogpleie.

Utført ungskogpleieareal i kommunen har dei seinare åra vore om lag 200 dekar per år, og dette arealet bør vesentleg aukast i framtida. Aktivitetsprosjekt drive av skogbrukarar som kan registrere, formidle kunnskap og gjennomføre tiltak er derfor avgjerande for å auke denne innsatsen, saman med tilgang på gode verkemiddelordningar.

Aktiv bruk av skogfond vil kunne bidra til å auke skoginvesteringane, og ytterlegare kunnskapsoppbygging blant skogeigarane om skogfondet sine føremoner kan motivere til auka investeringar.

Treslagsfordelinga i kommunen er i dag 92% barskog og 8% lauvskog jf. figur 1 s. 4. Vidare er det slik at låg og middels bonitet samla utgjer 91% av det produktive skogarealet jf. figur 2 s. 4. Det er såleis ikkje naturvilkår for å endre fordelinga mellom barskog og lauvskog i vesentleg grad.

Når det gjeld fordelinga mellom gran og furu, har ein dei seinare åra planta meir furu enn tidlegare på dei midlare bonitetane. Dette for å skape meir varierte og robuste bestand enn reine granbestand. Meir planting av furu i staden for gran vil i eit lengre tidsperspektiv gjere at ein får noko større andel av furu i treslagsfordelinga.

Etter siste revisjon i 2023 har Norsk PEFC Skogstandard som mål å auke andelen lukka hogst og småflatehogst. Dette må skogbruket ta omsyn til, og vil generelt medføre at ein vil få ei dreining frå ordinær flatehogst til lukka hogst og småflatehogst. Skogsatsingsprosjektet for Midt- og Nord-Gudbrandsdalen 2024-2026 har og som mål å auke bruken av lukka hogst der forholda ligg til rette for dette.

Spesifikt for Nord-Fron kommune er at 44% av det produktive skogarealet ligg i vernskog. I vernskogen er det krav til at det i stor grad skal utførast lukka hogst og småflatehogst. Samla sett vil gjeldande skogstandard for hogstutforming, i kombinasjon med stor andel vernskog i kommunen, tilseie større andel lukka hogst og småflatehogst i framtida.

5.1.3 Auke bruken av tre i offentlege bygg

Mål: Kommunen skal auke bruken av tre i offentlege bygg i staden for meir energiintensive material som stål og betong. Auke bruken av energivirke til oppvarming av offentlege bygg.

Bruk av tre i staden for meir energiintensive material som stål og betong reduserer klimagassutleppa frå byggesektoren, samstundes som trebygningane vil vere karbonlagre så lenge bygningane står. Med bakgrunn i at klimautfordringane har blitt meir framtrudande, er bruk av tre som erstatning for meir energiintensive material stadig meir aktuelt.

For å auke bruken av tre bør det leggjast føringar for dette i kommuneplanen, og ein må arbeide meir med å auke kunnskapen om bruk av tre i bygg. For å fremje bruken av tre i bygg, skal kommunen auke bruken av tre i offentlege bygg i staden for meir energiintensive material som stål og betong.

Når det gjeld uttak av virke som energivirke er det eit potensial for dette, men økonomien i verdikjeda er marginal. Uttak av virke som energivirke skjer ved heiltredrifter, gjennom rydding av tidlegare beiteareal, rydding av åker- og grøftekantane, lauvskogdrifter, rydding langsmed skogsbilvegar, førstegongstynning med uttak av heiltre og hogstavfall.

Hovudutfordringa for lønsemda er konkurransen mot straumpris. Dersom ein i vesentleg grad skal få

til ei auke i bruken av energivirke til oppvarming av offentlege og private bygg må nasjonale myndigheiter betre rammevilkåra for uttak av energivirke frå skog. Skogeigarane kan etter nærare avtale få utført heiltredrifter i vår region, men dette krev god planlegging og gjennomføring.

5.1.4 Ivareta kulturminne og miljøverdiar i skog

Mål: Skogbruket skal drive ei berekraftig forvaltning av skogressursane, som tek omsyn til kulturminne, viktige miljøverdiar og alle artane som lever i skog og utmark.

Nord-Fron kommune er rik på kulturminne. Mange av desse er i skog, slik som kolgroper og kolmiler, fangstanlegg for elg, gravhaugar og gravrøyser, gjerde og steingardar, vegar og vegfar m.v. Alle kulturminne eldre enn reformasjonen i 1537 med ei sikringssone på fem meter er automatisk freda etter Lov om kulturminne (kml). Kulturminne frå nyare tid og kulturmiljø kan fredast ved særskilte vedtak.

Når det gjeld kulturminne i skog og utmark er det mykje som ikkje er kjent og registrert, og dei som utfører ulike skogbrukstiltak må vere førebudd på å kunne kome i kontakt med uregistrerte kulturminne. Nyare metodar, slik som flybåre laserskanning, vil kunne effektivisere registreringa av kulturminne i skog og redusere talet kulturminne som blir skadd av skogbrukstiltak.

Skogbrukstiltak bør ha som utgangspunkt å la alle kulturminne forbli urørt. Dette inneber at ein ikkje skal kjøre i kulturminnas avgrensing eller sikringssone, og ein skal ikkje deponere hogstavfall eller la det stå att tre som kan medføre rotvelt. Dersom ein planlegg hogst av skog i område med større kulturminnelokalitetar, slik at det ikkje er mogleg å berre kjøre utanom lokalitetane, skal Innlandet Fylkeskommune kontaktast i god tid før iverksetting for avklaring av forholdet til kulturminne, jf. kml §3. Det same gjeld dersom det er grunn til å tru at lokaliseringa i kulturminnedatabasen er feil, eller at det kan vere mange uregistrerte kulturminne i området.

Meldeplikta etter kml §8 seier: Dersom det i samband med tiltak i marka blir funne automatisk freda kulturminne som ikkje er kjent, skal arbeidet straks stansast i den grad det berører kulturminna eller deira sikringssone på fem meter, jf. kml §8, 2. ledd. Melding skal snarast sendast til

kulturminnemyndighetene i Innlandet fylkeskommune slik at vernemyndighetene kan gjennomføre ei synfaring og avklare om tiltaket kan gjennomførast og eventuelt vilkåra for dette.

Noreg er plikta gjennom internasjonale avtaler til å ta vare på det biologiske mangfaldet. For skogbruket er det eit mål å balansere omsynet til biologisk mangfald opp mot eit økonomisk drive skogbruk. Variasjon i topografi, geologi og klimatiske forhold gir mange ulike leveområde for eit stort mangfald av artar. Ein meiner det biologiske mangfaldet blir best skjøtta gjennom ein kombinasjon av berekraftig bruk og vern. Det er i så måte viktig at skogeigarane blir informerte om dei miljøverdiane som er registrert på deira eigedomar.

I samband med områdetaksering av skog i Nord-Fron kommune 2010-2012 blei det utført miljøregistreringar i skog (MiS) og nøkkelbiotopregistreringar for heile takstområdet. Areal med biologisk viktige område utgjorde 3,2% av det totale produktive skogarealet. Det blei gjort avtale med 40 skogeigarar i kommunen om langsiktig bevaring av spesielle miljøverdier, for eit samla areal på 1.578 dekar, kor skogeigaren mottok økonomisk kompensasjon gjennom tilskottsmiddel jf. *Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket* for å avstå frå hogst.

Det er utarbeidd viltområdekart for kommunen. Viltet og viltets leveområde skal forvaltast slik at naturens produktivitet og artsriktigdom blir teke vare på. Nord-Fron er ein stor kommune i utstrekning, og det er arbeidskrevjande å ha god oversikt over alle førekomstane av vilt i alle delar av kommunen. Nord-Fron er ein viltrik kommune, og 117 artar er registrert i viltkartleggingsarbeidet. Fleire av desse artane er ført opp som sjeldne eller sårbare jf. *Norsk Rødliste* for trua artar i Norge.

Kommunen har sidan 2010 gjennomført eige registeringsprosjekt for registrering av spelplassar for tiur. Bakgrunnen for oppstart av dette arbeidet var at viltområdekartet i kommunen var relativt lite oppdatert i forhold til denne type registreringar, samt at kommunen ser det som viktig å unngå konflikt mellom spelplassar for tiur og tømmerdrifter. Framgangsmåten er at ein tek utgangspunkt i eksisterande data og kontrollerer desse, samt undersøker dei ulike områda i aktuell spelperiode for å finne eventuelt nye spelplassar. Innlandet Fylkeskommune har støtta prosjektet økonomisk gjennom vilttiltaksmiddel.

5.1.5 Redusere elgbeiteskader på skog

Mål: Nord-Fron kommune har som generelt mål at årsleveområdet skal leggest til grunn når det gjeld forvaltning av elg. Det er gjennomført eit større elgmerkeprosjekt i perioden 2020-2024 som involverte Nord-Fron og ti andre kommunar, og sluttrapport frå prosjektet vil ligge føre i løpet av 2025. Resultata frå elgmerkeprosjektet vil kunne danne grunnlag for ny organisering og forvaltning basert på elgens årsleveområde. Jaktrettshavarane, kommunane og fylkeskommunen er sentrale aktørar i dette arbeidet.

Ein har omfattande beiteskader av elg på furuforyngelse i delar av kommunen, først og fremst i vinterbeiteområda i Murudalsområdet, samt Vinstradalen (Skåbu-Kvikne), kor det oppheld seg mykje trekkelg. Dei økonomiske konsekvensane for skogeigarane er vesentlege. Det er utført elgbeitetakstar i 2007, 2011, 2016 og 2022. Trekkelgproblematikken kan ikkje løysast lokalt, men gjennom felles forståing og samarbeid mellom jaktrettshavarar og kommunar innan elgens årsleveområde.

Med bakgrunn i overnemnte er det gjennomført eit større elgmerkeprosjekt i perioden 2020-2024 som involverte dei elleve kommunane Vågå, Sel, Nord-Fron, Sør-Fron, Gausdal, Lillehammer, Gjøvik, Nordre-Land, Etnedal, Nord-Aurdal og Øystre-Slidre, samt jaktrettshavarane i nemnte kommunar. Det er Norsk institutt for naturforskning (NINA) som har vore ansvarleg for gjennomføring av prosjektet.

Føremålet med merkeprosjektet er å skaffe meir kunnskap om leveområda til elgen som vinterstid held seg i Murudalsområdet, og derav få eit betre kunnskapsgrunnlag for ei heilskapleg forvaltning av elgstamma. Trekkmønster, beitegrunnlag, førekomst av parasittar, reproduksjon og dødelegheit er noko av det som er undersøkt. Det var totalt merka 52 elg med GPS-klavar. Sluttrapport for merkeprosjektet kjem i 2025.

5.1.6 Berekraftig hausting og bruk av utmarksressursane

Mål: Berekraftig bruk og forvaltning av utmarksressursane i kommunen, der areala blir nytta i eit bevisst og framtidsretta perspektiv.

Utmarksressursane i kommunen er ein viktig fornybar ressurs. Utmarka er viktig for friluftsliv og

rekreasjon, både for lokale innbyggjarar og tilreisande, men og som ein ressurs der ein kan hauste store verdiar. Det er såleis viktig å skjerme produktive areal og andre verdifulle kulturelement og friluftsområde mot utbygging.

Berekraftig bruk og forvaltning av desse ressursane i eit bevisst og framtidretta perspektiv er avgjerande for sikre og vidareføre produktive viltbestand. Kunnskap om viltets leveområde er ein føresetnad for å sikre ei god viltforvaltning.

Det blir kvart år preparert milevis med skiløyper i kommunen. Det er viktig med god kommunikasjon og planlegging for å unngå konflikter ved tømmerdrifter og transport av tømmer i område med preparerte skiløyper. Ved skogbrukstiltak skal det vidare leggjast vekt på ivaretaking av opplevingskvaliteten, særleg langsmed stiar og vatn.

Når det gjeld viltforvaltning skal kunnskapsbasert forvaltning vere grunnlag for all forvaltning. I dette ligg bestandsplanar for hjortevilt som grunnlag for uttak. Vidare er regelmessige beitetakseringar, årlege vartellingar av hjort og årlege takseringar av småviltbestandane viktige parameter som blir gjennomført i viltforvaltninga.

5.2 Tiltaksstrategiar for bruk av skog- og utmarksressursane

Tabell 8 syner tiltaksstrategiar for bruk av skog- og utmarksressursane.

Strategi	Tiltak	Ansvarleg jf. gjennomføring
Auke årleg, langsiktig hogstkvantum inkl. tynning i Nord-Fron til 35.000 m³.	Det er iverksett skogsatsingsprosjekt for Midt- og Nord-Gudbrandsdalen med prosjektperiode 2024-2026. Prosjektleder i 60% stilling. Eit av hovudmåla for prosjektet er å auke årleg hogstkvantum med 25%, til minst 200.000 m ³ samla for regionen. Prosjektet har og som mål å auke bruken av lukka hogst.	Skogsatsingsprosjektet 2024-2026. Det er etablert styringsgruppe for prosjektet, med skogbruksansvarlege i dei involverte kommunane. I tillegg deltek Statsforvaltaren i Innlandet og Innlandet Fylkeskommune regelmessig på styremøta.

	<p>Glommen Mjøsen Skog skal auke bemanninga med ny skogbruksleiar i 100% stilling fom. 01.04.2025.</p> <p>Arbeidsområde vil vere Midt-Gudbrandsdalen.</p> <p>Særskilt fokus på dei skogeigarane som har lågt hogstkvantum over tid i forhold til potensiale.</p> <p>Informasjonsarbeid mot skogeigarane.</p> <p>Stimulere til samdriftsløysingar der teigutforminga hindrar aktiviteten.</p>	<p>Glommen Mjøsen Skog.</p> <p>Kontorstad vil vere på Landbrukssenteret, Vinstra.</p> <p>Skogsatsingsprosjektet 2024-2026.</p> <p>I tillegg skogbruksansvarleg i kommunen og Glommen Mjøsen Skog.</p> <p>Skogsatsingsprosjektet 2024-2026.</p> <p>I tillegg skogbruksansvarleg i kommunen og Glommen Mjøsen Skog.</p>
<p>Auke framtidig ressursoppbygging og karbonbinding i skogen.</p> <p>Auke årleg ungskogpleieareal i Nord-Fron til minst 500 dekar.</p>	<p>Det er iverksett skogsatsingsprosjekt for Midt- og Nord-Gudbrandsdalen med prosjektperiode 2024-2026.</p> <p>Prosjektleiar i 60% stilling.</p> <p>Eit av hovudmåla for prosjektet er å doble noverande ungskogpleieareal til minst 4.000 dekar samla for regionen.</p> <p>Glommen Mjøsen Skog skal auke bemanninga med ny skogbruksleiar i 100% stilling fom. 01.04.2025.</p>	<p>Skogsatsingsprosjektet 2024-2026. Det er etablert styringsgruppe for prosjektet, med skogbruksansvarlege i dei involverte kommunane. I tillegg deltek Statsforvaltaren i Innlandet og Innlandet Fylkeskommune regelmessig på styremøta.</p> <p>Glommen Mjøsen Skog.</p> <p>Kontorstad vil vere på Landbrukssenteret, Vinstra.</p>

	<p>Arbeidsområde vil i hovudsak vere Midt-Gudbrandsdalen.</p> <p>Glommen Mjøsen Skog skal tilsette ungskogpleiepådrivar for Midt-Gudbrandsdalen i perioden 2025-2026. Dette i samarbeid med kommunane i Midt-Gudbrandsdalen.</p> <p>Det er løyvd kr 250.000 frå fylkesinntrekte rentemiddel og kr 150.000 frå kommunale rentemiddel som delfinansiering av prosjektstillinga som ungsogpleiepådrivar.</p>	<p>Glommen Mjøsen Skog og skogbruksansvarlege i kommunane i Midt-Gudbrandsdalen. Kontorstad vil vere på Landbrukssenteret, Vinstra.</p> <p>Skogbruksansvarlege i Midt-Gudbrandsdalen og Statsforvaltaren i Innlandet.</p>
<p>Auke bruken av tre i offentlege bygg, herunder auka bruk av energivirke til oppvarming av offentlege bygg.</p>	<p>Kommunen skal auke bruken av tre i offentlege bygg i staden for meir energiintensive material som stål og betong.</p> <p>Påverke nasjonale myndigheiter til å betre rammevilkåra for uttak av energivirke frå skog.</p>	<p>Kommunen i samband med overordna planverk.</p> <p>Kommunen kan i samarbeid med andre offentlege instansar gi innspel til sentrale myndigheiter.</p>
<p>Ivareta kulturminne og biologisk mangfald i skog.</p>	<p>Alle aktuelle databasar med registrerte kulturminne og miljøverdiar må sjekkast før skogfagelege tiltak som hogst og skogsvegbygging blir iverksett.</p>	<p>Skogbruksansvarleg i kommunen, skogeigar, skogbruksleiar i Glommen Mjøsen Skog mfl.</p>

<p>Redusere elgbeiteskader på skog.</p>	<p>Trekkelgproblematikken kan ikkje løysast lokalt, men gjennom felles forståing og samarbeid mellom jaktrettshavarar og kommunar innan elgens årsleveområde. Kunnskapsbasert forvaltning som grunnlag for all forvaltning, jf. gjennomført elgmerkeprosjekt i perioden 2020-2024.</p>	<p>Forvaltningssamarbeid over kommunegrensene, som involverer kommunane, jaktrettshavararane og Innlandet fylkeskommune.</p>
<p>Berekraftig hausting og bruk av utmarksressursane.</p>	<p>Kunnskapsbasert forvaltning som grunnlag for all forvaltning. Utarbeide bestandsplanar for hjortevilt som grunnlag for uttak.</p> <p>Utføre elgbeitetakseringar i kvar bestandsplanperiode for elg. Utføre vårtelling av hjort kvart år i samarbeid med Ringebu, Sør-Fron, Sel og Vågå kommunar.</p> <p>Utføre taksering av småviltbestandane som grunnlag for uttak. Skjerme produktive areal, samt andre verdifulle kulturelement og friluftsområde mot utbygging.</p>	<p>Viltansvarleg i kommunen, jaktrettshavarar, grunneigarar og regionalt samarbeid.</p> <p>Viltansvarleg i kommunen, jaktrettshavarar, grunneigarar og regionalt samarbeid.</p> <p>Jaktrettshavarar, grunneigarar og regionalt samarbeid. Kommunen i samband med overordna planverk.</p>
<p>Ivareta driftsmessige viktige og produktive skogområde.</p>	<p>Vidareføre streng praksis for omdisponering av areal i LNFR-område.</p>	<p>Kommunen i samband med overordna planverk.</p>

Ivareta store samanhengande skog- og utmarksområde.	Vidareføre streng praksis for omdisponering av areal i LNFR-område.	Kommunen i samband med overordna planverk.
--	---	--

Tabell 8. Tiltaksstrategiar for bruk av skog- og utmarksressursane jf. kap. 5.1.

6 Hovudplan for skogsvegar

6.1 Bakgrunn

Ein hovudplan for skogsvegar er ein tiltaksplan. Planen skal på grunnlag av skogressursane og det skogsvegnettet som ein har i dag, synleggjerere behovet for bygging av nye skogsvegar og opprusting av eksisterande skogsvegar.

Hovudplanen tek ikkje omsyn til eigedomsgrenser, men ser samla sett på skogareala og deira behov. Planen vil ikkje vere bindande ved at den bestemmer kva slags tiltak som skal gjennomførast eller ikkje gjennomførast på eit bestemt areal, men trekker opp hovudlinene i skogbrukets behov for infrastruktur. Det er skogeigarane som avgjer eige aktivitetsnivå.

Statsforvaltaren i Innlandet har framheva at hovudplanen vil vere eit nyttig styringsverktøy i saksbehandlinga av skogsvegar og forvaltning av tilskott. Planen vil i tillegg gi eit betre grunnlag for målretting av dei økonomiske verkemidla og avveging mellom langsiktige investeringar, som skogsvegbygging og driftstilskott til taubanedrifter i bratt terreng.

Skogsvegnettet i kommunen omfattar både skogsbilvegar, traktorvegar og setervegar med tilknytning til skogbruket. Til saman utgjer dette om lag 400 km med skogsvegnett som er viktige for skogbruket. Dei ulike skogsvegklassane er omtalt i *Normaler for landbruksveier med byggebeskrivelse*.

Nord-Fron har skogsvegar i følgjande vegklassar:

- Vegklasse 3 - klassifisert for heilårs tømmertransport dvs. transport med tømmerbil og hengar heile året.
- Vegklasse 4 - klassifisert for tømmertransport med tømmerbil og hengar i barmarksperioden, medan tømmertransport om vinteren må skje utan hengar pga. stigningsforhold.
- Vegklasse 7 - klassifisert for transport med lassberar og traktor.

- Vegklasse 8 - klassifisert for transport med traktor eller anna lettare transportutstyr.

All skogsvegbygging skal godkjennast av kommunen, både når det gjeld skogsbilvegar og traktorvegar jf. *Forskrift om planlegging og godkjenning av veger for landbruksformål*. Føremålet er å sikre landbruksfaglege, heilskaplege løysingar kor det samtidig blir teke omsyn til miljøverdiar knytt til naturmiljø, landskap, kulturminne og friluftsliv, samt andre interesser som blir berørt av vegtiltaket. Jf. rundskrivet som følgjer forskrifta skal hovudplanen gi føringar for behandling i enkeltsaker.

Hovudplanen for skogsvegar vil gjelde for vegklasse 3 og 4 dvs. dei vegane som kan transporterast med tømmerbil. Desse vegane går under omgrepet *skogsbilvegar*. Vegklasse 7 og 8 dvs. vegar som ikkje kan transporterast med tømmerbil går under omgrepet *traktorvegar*, og er heretter ikkje omtala i hovudplanen for skogsvegar.

6.2 Status for skogsbilvegane i kommunen

Eit velfungerande skogsbilvegnett er avgjerande for rasjonell og effektiv transport av tømmer, samt alle andre skoglege aktivitetar. Det drivverdige skogarealet i kommunen har eit godt utbygd skogsbilvegnett, men mange av vegane er bygd etter gamle standardar og/ eller mangelfullt vedlikehalde.

Tømmertransporten går med lengre og tyngre vogntog enn tidlegare og skjer i aukande grad på barmark. Dette saman med eit «tøffare» klima set andre krav til vegstandarden enn tidlegare. Ein ser også at nedbørsmønsteret dei seinare åra, med mykje og kraftig nedbør på kort tid, gjer at det er aukande behov for opprusting av grøfter og stikkrenner for å førebyggje flomskadar.

Det er lite behov for bygging av nye skogsbilvegar. Når det gjeld det eksisterande skogsbilvegnettet er det eit betydeleg behov for opprusting og vedlikehald, slik at vegane held dagens krav til tømmertransport. Det er først og fremst breiddeutviding i kurver, bereemne og snuplassar som må utbetrast. Større opprustingar av skogsbilvegnettet inneber ein stor kostnad for skogeigarane, og statleg tilskott er avgjerande for å kunne realisere slike tiltak. Det er viktig med god planlegging for å oppnå kostnadseffektive, gode langsiktige løysingar.

Ein har god oversikt over eksisterande skogsbilvegar i kommunen gjennom Landbruksdirektoratet sitt fagsystem ØKS (Økonomisystem for skogordningane). Skogbruksansvarleg i kommunen har i samband med utarbeiding av hovudplan for skogsvegar gjort ein gjennomgang og status for alle skogsbilvegane som er registrert i ØKS, samt feltkontrollert alle desse vegane i barmarksesongen 2024.

I Nord-Fron er det i alt 65 skogsbilvegar (S-vegar i ØKS), herav 36 vegar i vegklasse 3 og 29 vegar i vegklasse 4. Fleire av desse vegane har tilknytning til /eller er bygd i kombinasjon med setervegar. Tabell 12 syner statusoversikt for alle skogsbilvegane i kommunen.

6.3 Flaskehalsar for transport av tømmer på offentlege og private vegar

Transport av tømmer med redusert lass vil i vesentleg grad fordyre transporten gjennom auka tidsforbruk, og bidreg til auka klimagassutslepp. Når det gjeld dei offentlege vegane finn ein gjeldande bruksklasse i veglistene til Statens Vegvesen. For tømmerbil gjeld 24 meter lengde på vogntog og med totalvekt på 60 tonn (BkT10-60 tonn), under føresetnad av at vegane er klassifisert for denne storleiken. I Nord-Fron er situasjonen generelt god når det gjeld tømmertransport.

Offentlege vegar

Fylkesveg 2612 frå Skåbu til Slangen har nedsett totalvekt til 50 tonn om sommaren (Bruksklasse BkT8-50 tonn). Dette gjeld både den fylkeskommunale og kommunale delen av vegen.

Når det gjeld reine kommunale vegar, har Baklivegen i Skåbu nedsett totalvekt til 40 tonn heile året (Bruksklasse BkT8-40 tonn), medan Sollivegen har nedsatt totalvekt til 32 tonn heile året (Bruksklasse BkT8-32 tonn). Elles er dei kommunale vegane i Leinebakkane og Kviknebaksida (Syltjordet) for bratte til at tømmerbilane kan kjøre med hengar om vinteren, og tømmerdrifter her utførast på barmark.

Private vegar

Når det gjeld dei private vegane har fleire av desse utfordrande stigningsforhold som gjer at dei må transporterast med tømmerbil utan hengar om vinteren. Dette har ein vesentleg kostnad for skogeigarane, som må dekke meirkostnaden for denne type transport. Det er eit mål å ha færrest mogleg skogsbilvegar kor ein må kjøre med reduserte lass, men det er likevel slik at mykje av

skogarealet i kommunen ligg i bratt terreng. Utbetring av skogsbilveggar i bratt terreng er teknisk, miljømessig og økonomisk utfordrande.

Tabell 9 syner veggar der tømmertransport i heile eller delar av året går føre med redusert lass på offentlege og private veggar.

Veg	Merknad
Offentlege veggar	
Skåbu - Kappelslåen	Fylkesveg 2612. Bruksklasse BkT8-50 tonn sommar.
Kappelslåen - Slangen	Kommunal veg. Bruksklasse BkT8-50 tonn sommar.
Sollivegen - Vinstra	Kommunal veg. Bruksklasse BkT8-32 tonn heile året.
Baklivegen - Skåbu	Kommunal veg. Bruksklasse BkT8-40 tonn heile året.
Leinebakkane	Kommunal veg. Stigningsforhold vinter.
Kviknebaksida (Syltjordet)	Kommunal veg. Stigningsforhold vinter.
Private veggar	
Øldalsvegane	Stigningsforhold vinter.
Graupmovegen	Stigningsforhold vinter.
Løftvegen	Stigningsforhold vinter.
Skråvegen	Stigningsforhold vinter.
Gravdalsvegen	Stigningsforhold vinter.
Morkalivegen	Stigningsforhold vinter.
Jorddalen	Stigningsforhold vinter.

Tabell 9. Veggar der tømmertransport i heile eller delar av året går føre med redusert lass. Kjelde: Nord-Fron kommune og vegvesen.no/veglistar.

7 Handlingsplan for opprusting og vedlikehald av skogsbilvegnettet

7.1 Mål

Hovudmålet er eit godt utbygd og vedlikehalde skogsbilvegnett som bidreg til best mogleg økonomisk resultat for den enkelte skogeigar og auka verdiskaping for skognæringa samla, der det også blir teke omsyn til viktige miljøverdiar.

Det er skogeigaren som har ansvar for at ein skogsbilveg held tilfredsstillande standard, slik at tømmertransport ut av skogen kan skje på ein effektiv måte. Med bakgrunn i terrengforhold og eigeomsstruktur er skogsbilvegar noko dei fleste skogeigarane må byggje og vedlikehalde saman med naboeigedomar. Skogeigar dekkjer kostnadane ved å hogge og kjøre tømmeret fram til bilvegen, medan industrien dekkjer kostnadane med transport frå velteplass i skogen fram til industri.

7.1.1 Auke årlege investeringar i skogsbilvegnettet

Mål: Prioritere opprusting av dårlege vegar/vegstrekingar og bruer, og auke investeringane i vegvedlikehaldet.

Det er vurdert til at det ikkje er behov for nybygging av skogsbilvegar i planperioden 2025-2034, men det er vesentleg behov for opprusting og vedlikehald av eksisterande skogsbilvegnett.

Det blei ferdigstilt ei tilstandsregistrering av skogsbilvegane i Oppland i 2013, der vegane blei kategorisert i tre klassar på følgjande måte:

- A er vegar som held standard vegklasse 3 med få manglar.
- B er vegar som i hovudtrekk held vegklasse 3, men som har manglar som det er relativt rimeleg å gjere noko med.
- C er vegar som ikkje er kjørbare og som krev grøvre opprusting.

Registreringane var relativt kategoriske, så ein kan seie at det går føre kjøring på vegar kategorisert i klasse C, men dette er kjøring som transportørane kunne nekta ut frå tilstanden på vegane. For Nord-Fron sin del viste registreringane at dei fleste vegane blei registrert i kategori B (67,3%), medan resterande vegar blei registrert i kategori C (32,7%).

Kommunane i Gudbrandsdalen, frå Ringebru og nordover, gjennomførte i 2021 eit felles prosjekt med tilstandsregistrering av bruer på skogsbilvegar. Registreringane blei utført av firmaet A-Kontroll. For Nord-Fron sin del blei det utført tilstandsregistrering av i alt 7 stk. bruer. Desse bruene blei vurdert etter innspel frå vegeigar og skogbruksansvarleg i kommunen. Registreringane frå A-Kontroll viste behov for oppgradering av fleire av bruene.

Tilstanden på dei eksisterende skogsbilvegane er i stor grad for dårleg i forhold til krava som er sett i gjeldande vegnormalar. Dette skuldast fleire forhold, men viktige årsakar er manglande vedlikehald, vegane er bygd med for dårlege massar og tømmerbilane er større i dag enn da vegane blei bygd. Vidare har ein stigningsforhold som gjer at vegene er for bratte, samt at tilstrekkelege snuplassar er ei utfordring og eit krav for utkjøring av tømmer. Økonomi vil alltid vere eit avgjerande kriterium. Vegar som er for dårlege og som ikkje blir utbetra kan stå i fare for å bli stengt for tømmertransport med tømmerbil.

Det er utført opprusting av fleire skogsbilveggar i kommunen sidan registreringane i 2013, men det er som tidlegare omtalt framleis eit vesentleg behov for vidare opprusting. Det er store investeringar som skal til for å få modernisert heile skogsbilvegnettet fullt ut. Ein fullskala skogsbilveg som kan transporterast med fulle vogntoglass bidreg til sterkt reduserte klimagassutslepp i forhold til skogsbilveggar som må transporterast med reduserte lass, eller at tømmeret må transporterast med lassberar.

Tilskott til vegbygging er helt avgjerande for å kunne gjennomføre nødvendig opprusting av skogsbilvegnettet. Jf. Nord-Fron kommune sin tiltaksstrategi for tilskott til nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK-tilskott), samt overordna retningsliner for prioritering av søknadar for 2025, kan det gis inntil 40% tilskott til nybygging eller ombygging av skogsbilveggar.

Det kan vidare gis tilskott til punktutbetringar som fjernar flaskehalsar på skogsbilvegnettet, som til dømes utbetring av bruer, kulverter og stikkrenner, utviding av snuplassar, opprustning av strekningar med dårleg bereemne eller utbetring av strekningar med for smal vegbreidde. Det gis inntil 40% tilskott til punktutbetringar og inntil 50% tilskott til utbetring eller utskifting av bruer.

7.1.2 Prioritering av tilskottsmiddel

Mål: Tilskott til opprusting av skogsbilvegnettet skal utløyse aktivitetsauke og bidra til auka utnytting av skogressursane innafor vegen sitt dekningsområde.

Som hovudprinsipp er det ein føresetnad at tilskott til opprusting av skogsbilvegnettet skal utløyse aktivitetsauke og bidra til auka utnytting av skogressursane innafor vegen sitt dekningsområde.

Hovudplanen for skogsvegar vil i denne samanheng fungere som eit styringsverktøy ved saksbehandling av vegsøknadar og forvaltning av tilskott.

Dersom det kjem inn fleire tilskottssøknadar enn kva som er tilgjengeleg av tilskottsmiddel, vil såleis vegprosjektet sitt potensiale for å utløyse aktivitetsauke og bidra til auka utnytting av skogressursane vere grunnlaget for prioritering mellom dei ulike prosjekta.

Den konkrete vurderinga av vegprosjekta sin emne til å oppfylle målsettinga i hovudplanen vil innebere ei konkret vurdering av fleire faktorar, slik som:

- Lengde på vegen.
- Vegen sitt dekningsområde.
- Kvantum i hogstklasse 4 og 5 som soknar til vegen.
- Tal interessentar i vegprosjektet.
- Eit operativt veglag med fungerande styre, godkjente vedtekter og regelmessige årsmøter.
- Bruk av profesjonell vegplanleggar.

Når det gjeld vegvedlikehald av skogsbilvegane er det viktig at dette blir utført årleg, av kyndig personell. Det er såleis viktig at veglaga har eit fungerande vegstyre, gjennomfører regelmessige årsmøte og peikar ut ansvarlege til å gjennomføre vegvedlikehaldet. Nord-Fron kommune har Drammenslodd m/stål til utlån utan kostnadar for veglaga.

Det er kommunen som har ansvar for gjennomføring av 5-årige vedlikehaldskontrollar av skogsbilvegar som har motteke tilskott i samband med nyanlegg eller opprusting. Det blir sett krav om at vegeigar som mottek tilskott skal vedlikehalde vegen til den standard den er bygd i minst 25 år. Vedlikehaldskontrollane av skogsbilvegar er ei prioritert oppgåve i kommunen.

7.1.3 Organisering av veglag med godkjente vedtekter i Brønnøysundregistrene

Mål: Fleire veglag i kommunen skal organiserast med vedtekter godkjent i Brønnøysundregistrene.

Skogeigarar som samarbeider om bygging og vedlikehald av skogsbilvegar, bør organisere samarbeidet i eit veglag. Norges Skogeigarforbund tilrår at slike veglag etablerast som

samvirkeføretak (SA), og har i den samanheng utarbeidd standard vedtekter som kan nyttast - Normalvedtekter for skogsbilvegslag. Ein skogsbilveg må vedlikehaldast for å oppfylle krava som leveringsstad for tømmer, samstundes medfører det eit betydeleg ansvar å eige og drive ein skogsbilveg.

Det er fleire negative moment som spelar inn når eit vegslag ikkje er organisert med godkjente vedtekter. Ein ser i slike tilfelle at ordinær drift og vedlikehald av vegen blir vanskeleg jf. organisering av arbeida og fordeling av kostnadar. Slike vegslag får ikkje opprette bankkonto, og kan til dømes ikkje registrere naturskadar gjennom veglaget.

Ein har i alt 65 skogsbilvegar i vegklasse 3 og 4 i kommunen. 38 av desse vegane er i dag registrert med godkjente vedtekter i Brønnøysundregistrene. Resterande 27 vegar består av 11 vegar med fleire andelseigarar og 16 vegar med ein (1) andelseigar. Behovet for organisering av vegslag med godkjente vedtekter i Brønnøysundregistrene er klart størst for skogsbilvegane med fleire andelseigarar. Kommunen har såleis som målsetting at samtlege av dei 11 skogsbilvegane med fleire andelseigarar, som i dag ikkje har godkjente vedtekter, formaliserer dette snarast råd.

7.1.4 Ivareta kulturminne og miljøverdiar ved skogsvegbygging

Mål: Skogsvegbygging skal utførast på ein slik måte at det gir gode skogbruksmessige løysingar, samstundes som friluftsliv, kulturminne og miljøverdiar blir ivareteke.

Alle kulturminne frå før 1537 og alle samiske kulturminne fra år 1917 eller eldre er automatisk freda jf. kulturminnelova (kml). I tillegg skal skogeigar ta omsyn til andre kjente og verdifulle kulturminne. Det er skogeigar sitt ansvar å gjere seg kjent med kva som er registrert av kulturminne i skogen, jf. databasane Askeladden eller Kulturminnesøk, og ta omsyn ved skogsvegbygging.

Utbetring og nybygging av skogsvegar må avklarast i forhold til kulturminnelova slik at ein ikkje planlegg og gjennomfører tiltak som kan skade automatisk freda kulturminne. Det er i hovudplanen for skogsvegar lagt til grunn at det ikkje er behov for nyanlegg av skogsbilvegar (vegklasse 3 og 4) i planperioden. Dersom det likevel kjem initiativ frå skogeigarar om nyanlegg av skogsbilvegar, er det krav om gjennomføring av kulturminneregistrering i forkant av tiltaket jf. undersøkingsplikta etter

kml §9. Ved planlegging av nye skogsvegar inn mot fylkesveg skal desse tilkomstane avklarast nærare mot samferdselsavdelinga i Innlandet Fylkeskommune.

Når det gjeld kulturminne i skog og utmark er det mykje som ikkje er kjent og registrert, og dei som utfører ulike skogbrukstiltak må vere førebudd på å kunne kome i kontakt med uregistrerte kulturminne. Nyare metodar, slik som flybåre laserskanning, vil kunne effektivisere registreringa av kulturminne i skog og redusere talet kulturminne som blir skadd av skogbrukstiltak.

Skogbrukstiltak bør ha som utgangspunkt å la alle kulturminne forbli urørt. Dette inneber at ein ikkje skal kjøre i kulturminnas avgrensing eller sikringssone, og ein skal ikkje deponere hogstavfall eller la det stå att tre som kan medføre rotvelt. Størst risiko for øydelegging av kulturminne er ved terrengkjøring med lassberar. Slik kjøring bør ikke gjerast nærare kjent kulturminne enn 5 meter.

Dersom ein planlegg kjøring i område med større kulturminnelokalitetar, slik at det ikkje er mogleg å berre kjøre utanom lokalitetane, skal Innlandet Fylkeskommune kontaktast i god tid før iverksetting for avklaring av forholdet til kulturminne, jf. kml §3. Det same gjeld dersom det er grunn til å tru at lokaliseringa i kulturminnedatabasen er feil, eller at det kan vere mange uregistrerte kulturminne i området.

Meldeplikta etter kml §8 seier: Dersom det i samband med tiltak i marka blir funne automatisk freda kulturminne som ikkje er kjent, skal arbeidet straks stansast i den grad det berører kulturminna eller deira sikringssone på fem meter, jf. kml §8, 2. ledd. Melding skal snarast sendast til kulturminnemyndigheitene i Innlandet fylkeskommune slik at vernemyndigheitene kan gjennomføre ei synfaring og avklare om tiltaket kan gjennomførast og eventuelt vilkåra for dette.

Ved planlegging og bygging av skogsvegar skal ein i tillegg til skogbruksrelatert nytte og anna næringsrelatert nytte, ta omsyn til friluftsliv, kulturminne, biologisk mangfald, samt fare for flom, erosjon og laumasseskred. Det skal ikkje byggast veg i nøkkelbiotopar og avsette biologisk viktige område (BVO) utan at det på førehand er avklart at det kan gjerast og erstatningsareal av minst like god kvalitet er avsett.

Det skal ikkje dannast hindringar for naturlege vasslaup og fiskevandring. Traséval og vegstandard skal ein planlegge slik at naturinngrepa blir minst mogleg. Veglineføring skal i størst mogleg grad tilpassast landskapet, og vegen skal byggast lett i terrenget og i tråd med prinsippa i hovudplan for skogsvegar.

Ved planlegging av nye skogsvegar skal skogeigar dokumentere at vegbygging over område med registrerte spesielle miljøverdiar unngås. I større, samanhengande skogareal med lite omfang av tekniske inngrep og som er spesielt viktig for biologisk mangfald eller friluftsliv, skal nye skogsveganlegg normalt unngås.

7.2 Tiltaksstrategiar for opprusting og vedlikehald av skogsbilvegnettet

Tabell 10 syner titaksstrategiar for opprusting og vedlikehald av skogsbilvegnettet.

<p>Auke årlege investeringar når det gjeld opprusting og vedlikehald av skogsbilvegnettet.</p>	<p>Det er iverksett skogsatsingsprosjekt for Midt- og Nord-Gudbrandsdalen med prosjektperiode 2024-2026. Prosjektleder i 60% stilling. Eit av hovudmåla for prosjektet er auke investeringane i skogsbilvegnettet til minst 10 mill. kroner per år samla for regionen.</p> <p>Ha fokus på større, viktige veganlegg og fellesprosjekt, samarbeide med aktive skogeigarar og andre ressurspersonar.</p> <p>Følgje opp krav til god planlegging (byggeplan),</p>	<p>Skogsatsingsprosjektet 2024-2026. Det er etablert styringsgruppe for prosjektet, med skogbruksansvarlege i dei involverte kommunane. I tillegg deltek Statsforvaltaren i Innlandet og Innlandet Fylkeskommune regelmessig på styremøta.</p> <p>Skogsatsingsprosjektet 2024-2026. Skogbruksansvarleg i kommunen.</p> <p>Skogsatsingsprosjektet 2024-2026.</p>
---	---	---

<p>Prioritering av tilskottsmiddel.</p>	<p>trekke inn vegkompetanse etter behov jf. godkjent vegplanleggar.</p> <p>Informere skogeigarane om aktuelle vegprosjekt i tråd med hovudplan.</p> <p>Informere skogeigarane om bruk av skogfond, finansiering og føremoner med samarbeid.</p> <p>Kommunen skal prioritere å gjennomføre 5-årige vedlikehaldshaldskontrollar av skogsbilvegane.</p> <p>Gratis utlån av Drammenslodd m/ stål til veglaga i kommunen.</p> <p>Bruke hovudplanen for skogsvegar som styringsverktøy for vidare prioritering av tilskott.</p>	<p>Skogbruksansvarleg i kommunen.</p> <p>Skogsatsingsprosjektet 2024-2026.</p> <p>Skogbruksansvarleg i kommunen.</p> <p>Skogbruksansvarleg i kommunen.</p> <p>Skogbruksansvarleg i kommunen.</p> <p>Skogbruksansvarleg i kommunen.</p>
<p>Organisering av veglag med vedtekter godkjent i Brønnøysundregistrene.</p>	<p>Det er iverksett skogsatsingsprosjekt for Midt- og Nord-Gudbrandsdalen med prosjektperiode 2024-2026. Prosjektleder i 60% stilling.</p> <p>Eit av hovudmåla for prosjektet er å bidra til at minst 50 større veglag blir</p>	<p>Skogsatsingsprosjektet 2024-2026.</p> <p>Skogbruksansvarleg i kommunen.</p>

	<p>organisert med vedtekter godkjent i Brønnøysundregistrene.</p> <p>Bidra til gjennomføring av årsmøte, samt bistå veglaga ved registrering av nye vedtekter i Brønnøysundregistrene jf. samordna registermelding.</p>	<p>Skogsatsingsprosjektet 2024-2026. Skogbruksansvarleg i kommunen.</p>
<p>Ivareta kulturminne og miljøverdiar ved skogsvegbygging.</p>	<p>Alle aktuelle databasar med registrerte kulturminne og miljøverdiar må sjekkast før skogsvegbygging blir iverksett.</p> <p>Krav om oppfylling av undersøkingsplikta etter kml. §9 dvs. kulturminneregistrering i forkant av tiltaket.</p> <p>Ved planlegging av nye skogsveggar inn mot fylkesveg skal desse tilkomstane avklarast nærare mot samferdselsavdelinga i Innlandet Fylkeskommune.</p>	<p>Skogbruksansvarleg i kommunen, skogeigar, skogbruksleiar i Glommen Mjøsen Skog mfl.</p> <p>Skogbruksansvarleg i kommunen, skogeigar, skogbruksleiar i Glommen Mjøsen Skog mfl.</p> <p>Skogbruksansvarleg i kommunen, skogeigar, skogbruksleiar i Glommen Mjøsen Skog mfl.</p>

Tabell 10. Tiltaksstrategiar for opprusting og vedlikehald av skogsbilvegnettet jf. kap. 7.1.

Jf. tabell 11 har ein prioritert tiltaka i planperioden frå 1 til 3, der 1 har høgst prioritet. Prioriteringa er ikkje absolutt. Interesse frå skogeigarane er av stor betydning for at tiltaka blir realisert.

Tiltakstabellen utestenger såleis ikkje andre initiativ frå skogeigarane i planperioden. Hovudplanen vil vere førande i forhold til kravet om vegløyningar som omfattar fleire skogeigarar.

Tabell 11 syner prioriterte tiltak i planperioden 2025-2034.

Vegnr. i ØKS	Vegnamn i ØKS	Noverande vegklasse	Planlagt vegklasse	Tiltaksbehov	Veglengde meter	Totalt areal dekar	Produktivt skogareal dekar	Produksjonsemne m ³ /dekar/år	Kbm brutto	Transportgevinst kroner	Kostnad veg kroner	Kostnad veg/kbm	Prioritet i planperioden 1,2,3
003	Sandsetervegen	3	3	4	3810	4000	3500	0,35	30000	774000	50000	2	1
009	Solshaugvegen	3	3	4,6	1976	7500	6000	0,25	20000	300000	800000	40	2
016	Graupmovegen	4	4	3	5684	5000	5000	0,35	15000	625000	400000	27	1
025	Skurengsvegen	4	4	9	1345	800	800	0,70	4000	400000	150000	38	3
026	Gorrtjønnmovegen	7	4	2	702	1350	1250	0,25	9000	900000	300000	34	1
038	Skalengvegen	4	4	4,9	1103	700	700	0,40	7500	750000	200000	27	2
041	Snubblivegen I	3	3	3	3085	2000	1500	0,20	13800	303600	250000	18	1
045	Rundpikvegen	3	3	4	1835	1200	1000	0,20	12000	480000	50000	5	1
050	Eldbjørsvegen	3	3	3,9	2040	1200	1200	0,35	15000	150000	300000	20	2
052	Steindalsvegen	4	4	9	710	570	570	0,30	4000	200000	100000	25	3
054	Olstappvegen I	3	3	2	5400	4000	4000	0,35	30000	828000	425000	142	1
056	Tippvegen	3	3	4,7	2000	400	400	0,30	3000	250000	200000	67	2
058	Olstappvegen II	3	3	2,6	3600	6000	6000	0,35	30000	708000	425000	142	1
059	Jobakkin	7	3	2	550	500	500	0,35	7000	350000	300000	43	1
062	Snubblivegen II	3	3	4	1473	1300	1000	0,20	4000	200000	50000	13	1
068	Gml.Graupmovegen	7	4	2	800	500	500	0,45	5000	500000	400000	80	1
077	Hållåvegen	4	4	2	1200	1350	1250	0,25	9000	900000	450000	50	1
903	Flysetervegen	3	3	3	4198	4000	3400	0,20	20000	960000	300000	15	2
904	Hinøgelslivegen	4	4	3	1944	1800	1600	0,20	7500	112500	100000	14	1
906	Storhølivegen	3	3	3,6	1800	1250	1150	0,20	7000	105000	400000	57	1
908	Midtstulvegen	3	3	4	2322	1500	1400	0,30	11000	440000	50000	5	1
911	Einlivegen	4	4	4	1191	300	250	0,45	5000	200000	75000	15	3
918	Øldalsvegen	4	4	2,6	12200	17200	12100	0,30	50000	377000	100000	20	1
919	Høgsetervegen	4	4	6	5400	5000	4700	0,25	16000	128400	800000	50	1
920	Dalumsvegen II	4	4	2,4	600	660	660	0,35	10000	500000	330000	33	1
921	Skjedalsvegen	4	4	3,4	2773	1400	1400	0,35	20000	800000	400000	20	1

923	Engjomvegen	4	4	9	2783	900	830	0,35	13000	780000	200000	16	3
-----	-------------	---	---	---	------	-----	-----	------	-------	--------	--------	----	---

Tabell 11. Prioriterte tiltak i planperioden 2025-2034. Tiltak merka med raud farge i tabellen har kommunal godkjenning og er løyvd tilskott.

Klassifisering av tiltaksbehov i tabell 11 jf. kolonne 5 (kolonne merka med lilla tekst):

- | | |
|-------------------------------|--------------------------|
| 1 – Ny veg | 6 – Bru |
| 2 – Opprusting av heile vegen | 7 – Kulvert |
| 3 – Punktutbetringar | 8 – Møteplass |
| 4 – Snuplass | 9 – Tungt vegvedlikehald |
| 5 – Velteplass | |

Tabell 12 syner statusoversikt for alle skogsbilvegane i kommunen. Det er vurdert behov for å gjennomføre 36 tiltak i planperioden 2025-2034, med slik fordeling:

- Opprusting: 8 stk.
- Oppgradering av bruer: 5 stk.
- Punktutbetringar: 8 stk.
- Utbetring av snuplassar: 10 stk.
- Tungt vegvedlikehald (utover ordinært vegvedlikehald): 5 stk.

Totale kostnadar for dei 36 tiltaka er estimert til om lag 16,2 mill. kroner. Ved å fordele kostnadane jamt i planperioden, vil årlege kostnadar tilsvare 1,8 mill. kroner. Dersom ein legg til grunn ein gjennomsnittleg tilskottssats på 45% jf. behov for oppgradering av fleire bruer, vil årleg tilskottsbehov vere kr 810.000.

Ein vurderer omfanget av tiltaka i planperioden som realistiske når det gjeld økonomiske forhold, samt interesse frå skogeigarane til å gjennomføre tiltaka.

Prioritert tiltaksoversikt jf. tabell 11, saman med statusoversikt jf. tabell 12, er å rekne som hovudplanen sin sentrale og operative del.

Tabell 12 syner statusoversikt for alle skogsbilvegane i Nord-Fron, vegklasse 3 og 4.

Vegnr. i ØKS	Vegnamn i ØKS	Beskrivelse	Orgnr.	Vegkl. i ØKS	Veglengde meter	Kontaktperson	Bom (betalingsløsning)	Behov for utbetringar					Kommentar	
								Opprusing km	Tungt v.hald	Bru	Punktutbetring	Snuplass		
2	Nigardskleiva	Kvikne solside		4	1110	Kjetil Harildstad								
3	Sandsetervegen	Frå Voll til Gunnarstugusetra	822064922 SA	3	3 810	Tord Rusthage	Vipps						1	Snuplass må utbetrast.
4	Øldalen skogsbilveg	Tilknytning til Øldalsvegen	915343376 SA	4	4 434	Axel P. Kongslil								
6	Grauplivegen	Grauplia, Kvikne bakside		3	4 098	Kjetil Harildstad	Fysisk							
7	Murudalsvegen	Frå Skåbu til Heidal	903827767 SA	3	19 720	Kjetil Harildstad	Skiltgj.kj							
8	Veslehovdavegen	Frå bru ved Muru til	916160933 SA	3	2 300	Tore Wistad	Fysisk							
9	Solshaugvegen	Frå Svendstad til Horten		3	1 976	Jonny Mathisen			1			1		Snuplass må utbetrast. Kontroll bru.
10	Frydalsvegen	Frå Frybrua til Fløtardammen	922630690 SA	4	2 600	Ole Anton Stø	Fysisk							
12	Kvam seterveger	Frå Kvamsnysetrin til	981071379 SA	3	4 859	Ole Kr. Rudland	Skiltgj.kj							
13	Huskelivegen	Frå Ruste mot Kvikne	916295287 SA	3	4 200	Magne Andersen	Fysisk							
15	Boslivegen	Frå Sollivegen til Boslia		3	1 390	Ronny Hagen								
16.1	Graupmovegen	Frå Rønningslåa til tippet		4	5 684	Andreas Kvaalen					1			Flomskade.
16.2	Graupesand bru-Hattflata	Frå Graupesand bru til		4	1 769	Ivar Sytø								
18	Kjerringslettvegen	Tjønnskorka	920823246 SA	3	3 825	Jon Inge Nordlien								
19	Øygarden	Innkjøring ved Bøygen		3	300	Nord-Fron kommune								
22	Skåbubaksidvegen	Skåbu bakside	996715556 SA	3	3 842	Nord-Fron kommune	Fysisk							
24	Skråvegen	Kvam bakside	814984362 SA	4	2 200	Olav Røssum								
25	Skurengsvegen	Kvam bakside		4	1 345	Ragnhild Røssum		1						Utover ord. vegvedlikehald.
26	Gorttjønmovegen	Tilknytning til Leinsetervegen		4	702	Knut Bjørnstad		0,7						Kommunal godkjenning, løyvd tilskott.
27	Morkalvegen	Kvam solside	913633873 SA	4	2 112	Even Stormorken								
30	Ommundbrekka	Innkjøring frå gamle E6		3	150	Stian Stø Dørum								
38	Skalengvegen	Tilknytning til Øldalsvegen		3	1 103	Kjetil Harildstad			1			1		Snuplass og utover ord. vegvedlikehald.
39	Tunebuvegen	Kvikne bakside		3	3 030	Ola K. Aasmundstad	Fysisk							
41	Snubblivegen I	Tilknytning til Olstappvegen II	935437598 SA	3	3 085	Fron Almanning					1			Flomskade.
42	Øybekkila	Avkjøring frå kommunal veg	963170203 SA	3	3 434	Torstein Risdal								
45	Rundpikvegen	Tilknytning til Olstappvegen II	935437598 SA	3	1 835	Fron Almanning						1		Snuplass må utbetrast.
50	Eldbjørsvvegen	Mot Eldbjørshaugen		3	2 040	Fron Almanning			1		1			Avkjørsel / utover ord. vegvedlikehald.
51	Gravdalsvegen veglag	Til Gravdalen	916127952 SA	4	6 275	Halvor Bosaen	Fysisk							
52	Steindalsvegen	Tilknytning til Engjomvegen		4	710	Jon Ove Kappelslæen			1					Utover ord. vegvedlikehald.
53	Kabelvegen	Tilknytning til Grauplivegen		4	1 518	Kjetil Harildstad								
54	Olstappvegen I	Frå Synken til Espa	935437598 SA	3	5 400	Fron Almanning	Vipps	5,4						Kommunal godkjenning, løyvd tilskott.
56	Tippvegen	Tilknytning til Anleggvegen		3	2 000	Magnhild S. Lillebråten					1	1		Snuplass må utbetrast. Kulvert.
58	Olstappvegen II	Frå Slangen til Espa	935437598 SA	3	3 600	Fron Almanning	Vipps	3,6		1				Kommunal godkjenning, løyvd tilskott.
59	Jobakkinn	Avkjøring frå Sollivegen		3	550	Ole Anton Stø		0,6						Kommunal godkjenning, løyvd tilskott.

Temaplan for skogbruket inkl. hovudplan for skogsvegar 2025-2034

62	Snubblivegen II	Tilknytning til Snubblivegen I	935437598 SA	3	1 473	Fron Almanning						1	Snuplass må utbetrast.
63	Huskilseter-Vesleseter	Frå Fefor til Vesleseter	915247768 SA	4	3 700	Magne Andersen	Vipps						
64	Anleggsvegen	Frå Ruste til Kvikne	817255752 TS	3	6 700	Tore Wistad	Skiltgj.kj						
65	Løvingsvegen	Avkjøring frå Sollivegen		3	900	Ole Anton Stø							
66	Sameiget Vetalivegen	Vetalia i Ruste	985211566 TS	3	3 329	Tord Rusthage	Fysisk						
67	Kvamsbaksida skogsveger	Kvam bakside	913634330 SA	3	1 586	Even Stormorken	Fysisk						
68	Gamle Graupmovegen	Tilknytning til Graupmovegen		4	800	Jan Olav Vaag		0,8					Kommunal godkjenning, løyvd tilskott.
75	Krokslia	Leinbakkane, avkjøring ved		4	1 500	Ola Einar Krok							
77	Hållåvegen	Tilknytning til Leinsetervegen		4	1 200	Knut Bjørnstad		1,2					Kommunal godkjenning, løyvd tilskott.
901	Flekkmovegen	Frå Skåbu til Heidal	934630653 SA	3	7 100	Kjetil Harildstad							
902	Sikkilsdalsvegen	Til snuplass ved	928956407 TS	4	16 941	Kjetil Harildstad	Skiltgj.kj						
903	Flysetervegen	Frå Sikkilsdalsvegen til		3	4 198	Ole Simen Kongsl					1		Vegbreidde / Kurvatur.
904	Hinøgelsivegen	Hinøgelslia	914773199 SA	4	1 944	Ole Anders Ekre					1		Flomskade.
905	Jotunheimvegen	Frå Slangen til	975562956 BA	3	2 500	Oddvar K. Lie							
906	Storhølivegen	Avkjøring frå	927807033 SA	3	1 127	Jo Risdal	Fysisk			1	1		Flomskade.
907	Kvam seterveger	Frå Bjørgebu til	981071379 SA	3	5 190	Ole Kr. Rudland	Skiltgj.kj						
908	Midtstulvegen	Frå Bruli til Brennsetrin	922652783 SA	3	2 322	Halfdan Haanshus	Fysisk					1	Snuplass må utbetrast.
910	Per Gynt Seterveg	Frå Fjellstad i Sødorp	922652783 SA	3	1 616	Halfdan Haanshus	Fysisk						
911	Einlivegen	Avkjøring frå Sollivegen		4	1 191							1	Snuplass må utbetrast.
912	Jorddalen	Frå Gudbrandstugu til		4	2 162	Ove Berget							
913	Rudlandsetervegen	Til Rudlandseter	920019781 TS	4	3 125	Oskar Gudbrandstuen	Vipps						
914	Leinsetervegen	Frå Leinbakkane til Leinsetrin	915170021 SA	4	2 965	Knut Bjørnstad	Fysisk						
915	Fagerli seterveg	Frå Feforvegen til	917780528 SA	3	3 454	Amund Lunde	Vipps						
916	Peer Gyntvegen	Frå Fefor mot Dalseter	971536020 SA	4	14 306	Jan Erik Kristiansen	Skiltgj.kj						
917	Tjyrubuvegen	Frå Lomsetra til Tjyrubua		3	1 777	Audun Sæberg							
918	Øldalsvegane	Øldalen	916746415 TS	4	12 200	Jon Dahlen	Skiltgj.kj	1,0		1			Kommunal godkjenning, løyvd tilskott.
919	Høgsetervegen	Tilknytning til Øldalsvegen	914282748 FOR	4	5 400	Terje Roger Bergset	Vipps			1			Bru ved Loveltseter.
920	Dalumsvegen	Frå Bjørkerusta til Dalum	833229192 TS	4	1 760	Jon Dahlum		0,6				1	Kommunal godkjenning, løyvd tilskott.
921	Skjedalsvegen	Frå Tøfte til Vardfjellseter	997946685 SA	4	2 773	Ola K. Aasmundstad	Skiltgj.kj				1	1	Snuplass og utbetring sving.
922	Rognli-Vesleseter	Frå Rognli til Vesleseter		4	3 809	Jan Ivar Hagen	Vipps						
923	Engjømvegen	Frå Kamfoss til Karistugu		4	2 783	Jon Ove Kappelslæen			1				Utover ord. vegvedlikehald.
			SUM		228 837			13,9	5	5	8	10	

Tabell 12. Statusoversikt for alle skogsbilvegane i Nord-Fron, vegklasse 3 og 4.

Kommentarar til tabell 11:

- Vegnr: Henta frå Landbruksdirektoratet, ØKS.
- Vegnamn: Henta frå Landbruksdirektoratet, ØKS.
- Vegklasse: Vegklasse 3 og 4 jf. *Normaler for landbruksveier med byggebeskrivelse*.
- Veglengde: Vegen sin lengde i meter.
- Totalt areal: Totalt areal som soknar til vegen inkl. anna areal enn produktiv skog. Henta frå allma.no og kilden.nibio.no/skogportalen.
- Produktivt areal: Det produktive skogarealet som soknar til vegen. Henta frå allma.no og kilden.nibio.no/skogportalen.
- Produksjonsemne kbm/dekar/år: Årleg produksjonsemne i kbm. per dekar på det produktive skogarealet som soknar til vegen. Henta frå allma.no og Norsk Skoghåndbok.
- Kbm brutto: Tømmervolum som soknar til vegen. Kjelde: allma.no (skogbruksplan).
- Transportgevinst: Transportavstand lassberar inntil 1 km, skjønsmessig tillegg, maksimalt tillegg kr 60 per kbm. ved 1 km transportavstand. Transportavstand lassberar mellom 1 km og 2 km, skjønsmessig tillegg, maksimalt tillegg kr 150 per kbm. ved 2 km transportavstand. Ved transportavstand over 2 km legges nettoverdi for tømmerdrift til grunn, furu kr 350 per kbm. og gran kr 400 per kbm. Kippetillegg kr 40 per kbm. ved transportavstand inntil 5 km, skjønsmessig inntil kr 100 per kbm. ved transportavstand over 5 km. Vegavgift for ikkje-andelseigarar kr 20 per kbm.
- Kostnad veg kroner: Total vegkostnad for tiltaket.
- Kostnad veg/kbm: Total vegkostnad delt på tømmervolum som soknar til vegen.

Kommentarar til tabell 12:

- Vegnr: Henta frå Landbruksdirektoratet, ØKS.
- Vegnamn: Henta frå Landbruksdirektoratet, ØKS.
- Beskrivelse: Beskrivelse av kor vegen geografisk ligg i kommunen.
- Orgnr: Henta frå Brønnøysundregistrene.
- Vegklasse: Henta frå Landbruksdirektoratet, ØKS.
- Veglengde: Lengde på vegen i meter.
- Kontaktperson: Styreleiar i veglaget.
- Bom: Syner oversikt over dei veglaga som har betalingsløysing.
- Behov for utbetringar: Delt på kategoriane opprusting, tungt vegvedlikehald, bru, punktutbetring og snuplass.
- Kommentar: Diverse kommentarar vedr. tiltaket.

7.3 Endra klimatilhøve og auka risiko for naturskadehendingar

Ein har dei seinare åra sett ei generell utvikling mot meir nedbør totalt sett, og spesielt auka førekomst av styrtregn og mykje nedbør på kort tid. Slike hendingar medfører betydeleg auka risiko for flom- og erosjonsskadar på skogsbilvegnettet. Det er såleis viktig at ein ved ettersyn, vedlikehald, ombygging og nyanlegg av skogsbilvegnettet tek omsyn til klimaendringane i tilstrekkeleg grad.

Konsekvensar for skogsbilvegnettet ved auka nedbør er omtalt nedanfor.

Redusert bereemne

Vegbanen blir mjukare og mindre stabil når undergrunnen mettast med vatn. Dette medfører auka risiko for hjulspor, deformasjon og nedknusing av berelaget. Konsekvensen kan bli at vegen ikkje kan transporterast med tømmervogntog i våte periodar.

Meir erosjon og utvasking

Kraftig regn medfører overflatevatn som kan vaske bort grus og finare massar. Djupe grøfter og vegskuldre kan rase ut. Konsekvensen blir auka kostnadar til vegvedlikehald og oppgrusing.

Skadar på dreneringssystemet

Grøfter og stikkrenner kan bli overbelasta og ikkje ta unna vatnet. Tilstopping av rør vil kunne medføre oversvømming og vatn på vegbanen, med stor fare for at vatnet tek nye laup og skadar tilstøytande areal.

Auka risiko for flom og ras

Bratte veggar med dårleg drenering medfører at vatnet får større fart, noko som kan føre til jordras og steinsprang. Det er stor fare for at fyllingar kan rase ut ved metning.

Påverknad på miljøet

Avrenning frå veg medfører sedimenttransport til nærliggjande vassdrag. Dette kan medføre ein potensiell negativ påverknad på vasskvalitet og akvatisk liv. Konsekvensen kan vere auka behov for miljøtiltak, til dømes fangdammar, vegetasjonsbelte og meir omfattande grøftearbeid.

For å redusere dei nemnte negative konsekvensane av meir og kraftigare nedbør i størst mogleg grad, er det nødvendig med førebyggjande klimatilpasningstiltak i eit anna omfang enn tidlegare.

Det er nødvendig å gjennomføre årleg ettersyn av skogsbilvegnettet vår og haust, samt i forkant ved varsel om mykje nedbør. Auka vedlikehaldskostnadar vil i stor grad vere ei utfordring for skogeigarar og veglag.

Aktuelle, førebyggjande klimatilpasningstiltak for skogsbilvegnettet er omtalt nedanfor.

Ved planlegging og trasèval

Ein bør i størst mogleg grad unngå konfliktområde, slik at vegen ikkje kryssar eller ligg for nære til anna infrastruktur, til dømes kraftliner, vass- og avlaupsnett og jordbruksareal. Det er vidare viktig med god topografisk tilpassing jf. at vegen følgjer terrenget i mest mogleg grad for å unngå store masseuttak og fyllingar.

Drenering og vasshandtering

Der vegane er utsette for flomskadar bør ein leggje fleire og større stikkrenner/kulvertar, samt auke minste godkjente stikkrennedimensjon til min. Ø 400 mm, evt. vurdere min. Ø 500 mm. Det er og viktig med steinsetting eller andre tiltak for å hindre erosjon ved stikkrenneutlaup. For å unngå tilstopping av stikkrenner må det utførast jamleg reinsking og ettersyn av grøfter og stikkrenner.

Det kan ofte vere aktuelt å gjere grøftene djupare og breiare for å handtere større vassmengder. Andre tiltak kan vere overlaup for sikring mot mykje nedbør og flom, samt legging av overflaterenner.

Forsterking av vegkropp

Det bør etablerast kraftigare berelag jf. pukk og grov masse i område med blaut grunn. Det er og aktuelt å vurdere meir bruk av fiberduk for å hindre at finstoff frå undergrunnen blandar seg med berelaget. Syte for god kuv (tverrfall) på vegen jf. minimum 5% for rask avrenning, og som ytterlegare bør aukast i bratte bakkar.

Ved nyanlegg og ombygging av skogsbilvegnettet bør ein i større grad nytte sprengte/knuste fjellmassar jf. også utskifting av massar på kritiske og beresvake vegstrekningar.

Sikring mot erosjon og ras

Det er aktuelt å bruke vegetasjonsdekke eller steinsetting i skråningar for å hindre utrasing. I bratt terreng kan ein lage avskjeringsgrøfter for å leie vatn vekk frå vegen. Det er viktig med god terrengtilpassing for å unngå store, bratte skjeringar og fyllingar. Under byggearbeid er det viktig å etablere førebels sikring av vegen slik at ein unngår ras og erosjon ved mykje nedbør.